

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår dato: 10.03.2022

Vår ref.: 201912492-8

Dykkar ref.: 2022/155-1240/2022

Sakshandsamar: Toralf Otnes

22 95 95 27/ toot@nve.no

NVE fremjar motsegn til områdereguleringsplan for Fitjar sentrum - PlanID 201901 - Fitjar kommune

Vi viser til brev frå Fitjar kommune datert 17.02.2022. Saka gjeld offentleg ettersyn av områdereguleringsplan for Fitjar sentrum. Føremålet med planframlegget er å lage ein framtidsretta, presis og realistisk plan for sentrumsområdet.

NVE har motsegn (jf. pbl § 5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er at:

- **flaumfare ikkje er tilstrekkeleg kartlagt og teke omsyn til i planframlegget**
- **planen legg til rette for utfylling i Fitjarelva sitt utløp på ein måte som gir uakseptable konsekvensar for ålmenne interesser i vassdraget i høve til dei fordelane utfyllingane gir**

Dersom de kartlegg og tek omsyn til flaumfare, og endrar planen slik at den ikkje legg til rette for utfylling i elvedeltaet fell grunnlaget for motsegna bort. Motsegna er forankra i NVE rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Generelt om handtering av naturfare i planar

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Klårast går dette fram i [KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) side 12 der det heiter: «*Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve*



nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt.»

Å avklare reell naturfare er å skilje mellom areal som stettar byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7 sine akseptkriterier for planlagd utbygging, og dei areal der akseptkriteria ikkje er stetta. Førstnemnde areal er å sjå på som friskmelde. Sistnemnde er å sjå på som fareområde, og skal på reguleringsplannivå alltid syne i plankartet som omsynssone Fareområde.

Flaumfare

I ROS-analysen er fare for flaum og erosjon drøfta. Flaum og erosjonsfare vert langt på veg avvist som ein reell fare. Det står likevel at det skal bli utført flaumsonekartlegging sommaren 2021.

Multiconsult har utarbeidd ein rapport datert 19.10.2021 «Flaumfarekartlegging av Fitjar». I rapporten er det berekna flaumverdiar for Q20, Q200 og Q1000, alle verdiar inkludert 20% klimapåslag. Det er sett opp ein hydraulisk modell frå like ovanfor den nedste brua over elva «Gamle Havnavegen» og eit stykke ut i sjøen. Rapporten syner eit kart med 1000 års stormflo i 2100, men vi kan ikkje finne tilsvarende flaumsonekart for ulike flaumstorleikar knytt til flaum i elva. Eit samla flaumsonekart manglar altså. I følgje rapporten er kapasiteten under den nemnde brua for liten. For at vatn ikkje skal hamne på avveggar må kapasiteten aukast. Det er ikkje markert nokon omsynssone H320 Flaumfare i plankartet, sjølv om det er tydeleg i rapporten at deler av dagens landareal er utsett for flaumfare.

Aust for «Gamle Havnavegen» ligg dei to arealføremåla o_BU1 (Undervisning) og o_KI1 (Kulturinstitusjon). Områda er bygd på i dag. Områdereguleringsplanen legg til rette for vidare utbygging, med byggegrense ca. 10 meter frå elva. Det er sett krav om ny detaljreguleringsplan før det kan gjevast løyve til nye tiltak. Arealet er flatt og aktsemdsone for flaum omfattar store deler av desse arealføremåla. Flaumfare er ikkje utgreidd nærare. Det er heller ikkje markert nokon omsynssone H320 som syner at området er, eller kan vere, flaumutsett.

NVE si vurdering

NVE meiner at tryggleiken for flaum ikkje er godt nok vurdert og ivaretatt. I områda vest for brua er det ikkje sett krav om detaljreguleringsplan før det kan gjevast løyve til tiltak. De må då få utarbeidd flaumsonekart som syner kva areal som er utsett for reell flaumfare før utbygging. Då HOI1 er avsett til helse/omsorgsinstitusjon fell føremålet/tiltaket inn under tryggleiksklasse F3, jf. TEK17 § 7-2. Vi meiner difor at de må nytte 1000 års flaum med klimapåslag til å avgrense omsynssona. **NVE fremjar motsegn til områdereguleringsplan for Fitjar inntil reell flaumfare er avklart og faresoner er innarbeidd i plankartet som omsynssone H320 Flaumfare. Til omsynssona må de knyte føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad.**

I området aust for brua ved o_BU1 og o_KI1, der det er plankrav, stiller det seg litt annleis. NVE vil rå dykk til å syte for å få utarbeidd flaumsonekart også der no før områdereguleringsplanen vert slutthandsama. Det vil truleg vere ressurseffektivt å få



utvida den hydrauliske modellen lenger opp i elva og dra nytte av arbeidet som alt er gjort. Kartlegging av reell fare vil og gi eit betre bilete av om vidare utbygging er realistisk å få til. Dette fordi utbygging og terrengendring i flaumsona kan føre flaumvatn mot tilstøytande areal og i verste fall auke flaum- og erosjonsfaren der. Dersom de ikkje går vidare med flaumsonkartlegging no må de nytte aktsemdområde for flaum (jf. NVE Atlas) til å avgrense omsynssone H320 Flaumfare i plankartet. Til omsynssona må de knyte krav om kartlegging av reell flaumfare i samband med detaljreguleringa, og at det må dokumenterast at utbygginga ikkje vil ha uakseptable konsekvensar for vassdraget og tilstøytande terreng. **NVE fremjar motsegn til områdereguleringsplan for Fitjar inntil planen tek tilstrekkeleg omsyn til flaumfare, jf. dei to skisserte framgangsmåtane i dette avsnittet.**

Inngrep i Fitjarelva.


Om planen og konsekvensutgreiinga

Områdereguleringsplanen legg opp til utfylling i sjø/vassdrag i Fitjarelva sin munning. Nord for elva skal det utfylte arealet nyttast til park (o_GP1) framfor helse og omsorgsinstitusjon (o_HOI1). Det skal byggast ei trebrygge med naust på pålar framfor parken. Arealet som er planlagt fylt ut nord for elva er redusert i høve til planframlegget ved 1. gongs offentleg ettersyn.

Sør for elva skal arealet som blir fylt ut nærast munninga nyttast til badeplass (o_GB1). Ut til dagens strandline opnar planen, og legg til rette, for hotell/overnatting (BH), bustad/hotell (BKB1) og bustadblokker (BBB1).

Rådgivende Biologer har utarbeidd to rapportar om desse tiltaka. Dette er «*Fitjar sentrum – elvemunning. Verdivurdering for naturmangfold*» datert 15.03.2021, og «*Fitjar sentrum, elvemunning Fitjarelva. Konsekvensutredning for naturmangfold*» datert 24.09.2021.

Sistnemnde rapport syner tre areal for utfylling i sjø. Det er to alternativ som blir konsekvensutgreidd. Alternativ A inneber utfylling av alle tre areala. Alternativ B inneber utfylling av 1 og 2. I planen så legg ein også opp til delvis utfylling av 3, samt brygge og naust på pålar. Dei tre figurane nedanfor er henta frå sistnemnde rapport av Rådgivende Biologer datert 24.09.2021.




Figur 2. Tiltakskart med planlagte utfyllingsområder i sjø. Kilde: Fitjar kommune.

Anadrom fisk kan vandre ca. 3 km oppover elva. Elva synes å ha gode kvalitetar for gyting og oppvekst av sjøaure. Under befaring er det registrert flatøsters (NT - nær trua) i alle tre utfyllingsområda, samt sandskjell (VU - sårbar). Oter (VU) er registrert i elvemunninga. Tabellen nedanfor syner verdivurderingane.

Tabell 6. Oversikt over registrerte delområder for naturmangfold i utredningsområdet.

Delområde	Type	Størrelse	Verdi
1 Fitjar elvemunning	Bløtbunnsområde i strandsonen	5,8 daa	Noe
2 Fitjarvika	Funksjonsområde flatøsters (NT)	4,5 daa	Middels
3 Fitjarvika sør	Funksjonsområde sandskjell (VU)	-	Stor
4 Fitjarvelva	Funksjonsområde sjøaure	-	Middels
5 Fitjarosen	Funksjonsområde for sjøfugl (NT)	-	Middels
6 Fitjarvelva munning	Funksjonsområde for oter (VU)	-	Stor
Naturmangfold samlet			Middels-stor



Figur 14. Oversikt over registrerte verdier i utredningsområdet.

Konsekvensane av dei to alternativa er summert i tabellen under



Tabell 7. Oversikt over samlede konsekvenser for miljøtema naturmangfold ved eventuell utbygging av friluftsområde i Fitjar sentrum.

Vurderinger	Delområde	0-alt.	Alternativer	
			Alt. A	Alt. B
Konsekvens for delområder	1 Fitjar elvemunning (bløtbunnsområde)	0	Noe miljøskade (-)	Noe miljøskade (-)
	2 Fitjarvika (flatøsters)	0	Betydelig miljøskade (--)	Betydelig miljøskade (--)
	3 Fitjarvika sør (sandskjell)	0	Noe miljøskade (-)	Noe miljøskade (-)
	4 Fitjarelva (sjøaure)	0	Betydelig miljøskade (--)	Noe-betydelig miljøskade (-/-)
	5 Fitjarosen (sjøfugl)	0	Betydelig miljøskade (--)	Noe miljøskade (-)
	6 Fitjarelva munning (oter)	0	Noe-betydelig miljøskade (-/-)	Noe miljøskade (-)
Begrunnelse for vektlegging		Påvirkning på delområde 3 er vurdert som mindre alvorlig fordi funksjonsområdet for sandskjell sannsynligvis i liten grad overlapper med tiltaksområdet.	Påvirkning på delområde 3 er vurdert som mindre alvorlig fordi funksjonsområdet for sandskjell sannsynligvis i liten grad overlapper med tiltaksområdet.	
Avveininger	Samlede virkninger	Planområdet ligger i sentrum av et tettsted og er påvirket av menneskelig aktivitet, noe som gjør naturmangfoldet mer sårbart, men også bidrar at mobile arter som oter og sjøfugl er tilpasset menneskelig aktivitet. Det finnes flere små bløtbunnsområder i strandsonen med lignende funksjon som elvemunningen for marine arter, sjøfugl og pattedyr. Elvemunningen er imidlertid enestående som funksjonsområde for sjøaure i Fitjarelven og tiltaket vil føre til stor arealtap av funksjonsområdet.	Planområdet ligger i sentrum av et tettsted og er påvirket av menneskelig aktivitet, noe som gjør naturmangfoldet mer sårbart, men også bidrar at mobile arter som oter og sjøfugl er tilpasset menneskelig aktivitet. Det finnes flere små bløtbunnsområder i strandsonen med lignende funksjon som elvemunningen for marine arter, sjøfugl og pattedyr. Elvemunningen er imidlertid enestående som funksjonsområde for sjøaure i Fitjarelven og tiltaket vil føre til delvis arealtap av funksjonsområdet.	
Samlet konsekvens for naturmangfold	Samlet konsekvens		Middels negativ konsekvens	Noe negativ konsekvens
	Begrunnelse		Delområder med konsekvens-grad betydelig miljøskade (-) dominerer og det er ingen delområder med de høyeste konsekvensgradene.	Deler av alternativets område har konflikter, men konsekvensgraden noe miljøskade (-) dominerer og alternativet vil bevare store deler av funksjonsområdet for sjøaure.
Rangering	Rangering		2	1
	Begrunnelse for rangering		Planområdet omfatter hele elvemunningen.	Planområdet omfatter deler av elvemunningen, hvor områder nord for elveutløpet ikke er berørt av tiltaket.

Planen legg opp til ei utfylling i elvemunninga som er redusert i område 3 i høve til konsekvensutgreinga. Den samsvarer nokon lunde med grøn linje i rapportens figur 15. Om dette skriv Rådgivende Biologer at det vil bevare store deler av funksjonsområdet for sjøaure og flatøsters nord for elvemunninga, og av sandbanken som eit næringsområde for sjøfuglen. Dersom ein i tillegg går for flytting av flatøsters og fyller skånsamt kan ein ha nesten like lav konsekvensgrad for naturmangfold som alternativ B.

NVE si vurdering

NVE vurderer at utfylling i sone 2 og 3 vil påverke elvemunninga til Fitjarelva, og vi må difor vurdere tiltaket etter vassressurslova (vrl). Område 1 ligg utanfor det som kan definerast som vassdrag, så det har vi ingen merknad til.

På bakgrunn av konsekvensane som er gjort greie for vurderer vi også at tiltaka kan vere til nemneverdig skade eller ulempe for ålmenne interesser i vassdraget eller sjøen. Tiltaka vil difor vere konsesjonspliktig, jf. vrl. § 8. Konsesjon til eit tiltak kan berre gjevast dersom fordelane med det overstig skader og ulemper for ålmenne og private interesser som blir råka i vassdraget eller nedbørfeltet, jf. vrl. § 25.

Dersom fordelane av eit vassdragstiltak er større enn ulempene så kan NVE bestemme at det konsesjonspliktige tiltaket ikkje treng eigen konsesjon dersom det er tillate i reguleringsplan etter plan- og bygningslova, jf. vrl. § 20. Dersom eit tiltak ikkje kan få konsesjon fordi ulempene er større enn fordelane så er det grunnlag for NVE til å fremje motsegn til reguleringsplan som opnar for tiltaket, jf. [NVE rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVE s saksområder i arealplanlegging»](#).



I denne saka er fordelane av tiltaka eit noko utvida ute-/parkområde for omsorgsinstitusjonen nord for elva, og eit bade- og friluftsområde sør for elva. Ulempene for naturmangfaldet er gjort godt greie for i Rådgivende Biologer sin rapport. NVE vil for eigen del også legge til at hydraulisk så vil eksisterande blautbotnfauna i utløpsområdet bli redusert heilt eller i stor grad fordi elva blir forlenga ved utfyllingar. Dette fordi ved flaum vil botntilhøva bli vaska ut på grunn av konsentrert straum over tid. Då vert ein viktig marin naturtype endra.

Eit moment i vurderingane er om fordelane med tiltaket kan oppnåast på annan måte, slik at ulempene vert redusert eller fell vekk. NVE støttar her Rådgivende Biologer som skriv at: *«Det er anbefalt å unngå utfylling i sjø i delområde 2 og 3, med direkte tilknytning til elvemunningen. Hvis en vil tilrettelegge området slik at strandsonen skal bli bedre tilgjengelig for publikum burde en vurdere mindre invasive inngrep, som for eksempel en flytebrygge i delområde 2 og/eller en utviding av fjellneset mot sørvest i delområde 1. Inngrep i delområde 1 vil generelt føre til mindre skade for naturen enn inngrep i delområde 2 og 3.»*.

Innanfor eksisterande strandline er det i dag ubebygd areal som kan fungere som landareal for bade-/friluftssarealet. I planframlegget er det no lagt til rette for utbygging av bustadblokker, og bustad/hotell, heilt ned til eksisterande strandline. Ved å endre arealbruken, dvs. trekke utbyggingsføremåla attende så kan det frigi areal til bade-/friluftsføremål. Kombinert med enklare inngrep i delområde 1, som Rådgivende biologer foreslår, så meiner vi at det er tilgjengeleg areal til å etablere eit bade- og friluftsområde sentralt i Fitjar sentrum utan at det går på kostnad av naturmangfaldet i elveutløpet/deltaet.

NVE fremjar motsegn til områdereguleringsplan for Fitjar sentrum fordi planen legg til rette for utfylling i Fitjarelva sitt utløp på ein måte som gjer at ulempene for ålmenne interesser i vassdraget er større enn fordelane. Reint konkret gjeld motsegna alle tiltak som krev utfylling i sjø nord/nord aust for BUN11. Når det gjeld BUN1 og SK7 reknar vi med at de må sjå på ei alternativ løysing/plassering, og at det vert gjort greie for dette i ein eventuelt endra plan.

Merknader til 1. gongs offentleg ettersyn

NVE hadde i brev datert 30.06.2021 fleire merknader til 1. gongs offentleg ettersyn. Desse er delvis referert i dokumentet «Oversikt over alle høyringsinnspel». For tema vi ikkje kjem inn på her så syner vi til dei merknadane vi har kome med tidlegare. Vi vil særleg syne til avsnittet om grunntilhøve og utfylling i strandsona.

Elles minner vi om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

Proessen vidare

Når det blir fremja motsegn til planen betyr det at de ikkje kan eigengodkjenne den med



rettsverknad før grunnlaget for motsegna har falle bort. Har de spørsmål til motsegna eller til andre faglege råd i dette brevet ber vi om at de tek kontakt.

Dersom de vel å etterkome våre motsegnpunkt må de endre planen slik som skildra ovanfor. Når de har endra planframlegget, eventuelt på grunnlag av nye utgreiingar, sender de både plandokument og utgreiingar til oss. Dette materialet kan de sende oss som vedlegg til eit brev der de ber oss om å trekke motsegna på grunnlag av endringar i plan/nye utgreiingar. Det er viktig at de i oversendingsbrevet gjere greie for kva endringar som er gjort i plandokumenta, og på kva grunnlag endringane er gjort.

Dersom de ikkje vel å etterkome våre motsegnpunkt kan de be om mekling hjå Statsforvaltaren, jf. pbl § 5-6.

Vi minner om at Statsforvaltaren har fått mynde til å samordne statlege motsegner, og på visse vilkår avskjere dei.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Kopimottakarliste:

FITJAR KOMMUNE